



Arbeids-og Sosialdepartementet  
Att. Avdelingsdirektør Odd Wålengen  
Postboks 8010 Dep.  
0001 OSLO

Referanser:  
Dykkar:

Sakshandsamar:  
Karstein Totland

Dato:  
10.06.2014

## Høyringsuttale vedkomande « Et enklere tiltakssystem tilpasset brukernes behov»

1. Masfjorden kommune tilrår at Regjeringa utset endringar i tiltakssystemet til etter den varsla stortingsmeldinga er handsama i Stortinget. Då får Norge ei brei og heilskapleg drøfting av funksjonaliteten i det samla tiltaksapparatet, og me kjenner Stortinget sin vilje i saka. Me merkar oss at både NHO og LO også peikar på ein heilskapleg debatt i saka først.
2. Masfjorden kommune er skeptisk til om anbodssystem er eigna til denne typen tenester, og me meiner det er for lite utgreidd og uavklart kva konsekvensar endringane i høyringsnotatet legg opp til både for brukarar, attføringstilbydarar og også for kommunane sine tenestetilbod og økonomisk verknad for kommunane i høve dei som står lengst unna arbeidsmarknaden.
3. Andre land sine røynsler med anbodsutsetjing av slike tenester må også vurderast før Norge gjer det same. Konkurransetsetjing av desse tenestene er i seg sjølv risikabelt, då tapande bedrifter kan forsvinna, noko som er særleg ulempe for distrikta og for dei arbeidstakarane det er vanskelegast å formidla.
4. Masfjorden kommune meiner ein også må vurderer NAV si rolle i formidlinga. Truleg har NAV best føresetnader overfor dei som er lettast å formidla, medan kommunane bør ha større medverknad i formidlingstenestene til dei som står lengst unna arbeidsmarknaden. Dette fordi tilbodet til desse brukarane krev stor grad av lokal kunnskap og lokale løysingar, då dei er tunge å jobbformidla. Dette understrekast spesielt sidan Norge er i ein situasjon med ca 3% arbeidsløyse, då er det ganske få som er raske/enkle å formidla tilbake til arbeidslivet. Me er særleg uroa for at anbodsutsetjing kan gje mindre valfridom, dårlegare tilbod og svekka sjølvtilit for dei svakaste, og såleis bli dyrare for samfunnet enn i dag, fordi deira arbeidsevne kan vera til hinder for kommersielle verksemder.
5. Masfjorden kommune meiner anbodsutsetjinga kan undergrava det arbeidet kommunane har tatt på seg med å byggja opp eit sterkt og godt nettverk med tiltaksapparat. Endringar må skje i nært samarbeid med kommunane, og det er naturleg at KS vert part i evt endringar.

6. Masfjorden kommune er på generelt grunnlag kritiske til at Regjeringa sender ut h yringsbrev med kort h yringsperiode tett inntil ferietida.

Med helsing



*Karstein F tland*  
Karstein F tland  
ordf r r